



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.02.2016

Vår ref.: 2016/1048

Arkivnr.: 432.4

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

Adresseliste

## Lokal høyring av forvaltningsplan for Linemyra naturreservat, Time kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland sender med dette ut forvaltningsplan for Linemyra naturreservat, Time kommune, på lokal høyring. Planen følger vedlagt, men ei elektronisk utgåve kan også lastast ned frå nettsidene våre, [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland).

Innspel på planen kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland, og frist for innspel er **29. april 2016**.

Dersom nokon ønskjer synfaring saman med Fylkesmannen i Rogaland, er det berre å ta kontakt.

Arbeidet med planen vart annonsert 31. juli 2013. Etterpå har Fylkesmannen gjennomført fleire synfaringar i verneområdet, både med og utan grunneigar. Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å ivareta og fremja verneformålet. Det er eit mål at forvaltninga av området skal vera fleksibel og tilpassa lokale tilhøve, samstundes som ho er i tråd med verneforskrifta. Planen er tufta på verneforskrifta og skal vera i samsvar med verneformålet. Ein forvaltningsplan skal sikra lik forvaltning i heile verneområdet, og gir føringar for bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Planen som no vert sendt på høyring har vore til fagleg gjennomgang hos Miljødirektoratet og er justert etter merknadar i brev av 17.02.2016. Etter høyringsfristen vil Fylkesmannen oppsummera eventuelle merknadar til planen og gi vår tilråding til Miljødirektoratet, som vil stå for endeleg godkjenning.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Torborg Berge  
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Torborg Berge  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39  
E-post: [fmrotbe@fylkesmannen.no](mailto:fmrotbe@fylkesmannen.no)

Vedlegg:

Miljørappport nr. 1 – 2016. Forvaltningsplan for Linemyra naturreservat, Time kommune, Rogaland  
Adresseliste Linemyra naturreservat, Time kommune

